



Samarbeidsavtale mellom Venstre, Ap og Høgre i Stad kommune



Samarbeidsavtale mellom Venstre, Ap og Høgre i Stad kommune

I samband med konstitueringa av det nye kommunestyret i Stad for perioden 2020-23 er følgjande avtale inngått mellom Venstre, Ap og Høgre. Partia har til saman fleirtal med 17 av 33 representantar i kommunestyret:

1. Ordførar: Venstre skal ha ordføraren i valperioden.
2. Varaordførar: Ap skal ha varaordføraren i valperioden.
3. Formannskapet: Partia skal stille felles liste til formannskapet, med følgjande fordeling av medlemmer/varamedlemmer mellom partia:
 - a. Faste representantar (5 av 9): Venstre 3, Ap 1, Høgre 1.
 - b. Vararepresentantar i nummerert rekkefølge: 1. Venstre, 2. Ap, 3. Venstre, 4. Høgre, 5. Ap, 6. Venstre, 7. Venstre
4. Utval for kultur og samfunn: Høgre skal ha leiaren i utvalet. Ap skal ha nestleiar. I tillegg skal det vere 2 medlemmer frå Venstre i utvalet (til saman 4 av 7 medlemmer)
5. Utval for oppvekst og opplæring: Venstre skal ha leiaren i utvalet. I tillegg skal Venstre ha 2 medlemmer og Ap 1 medlem i utvalet (til saman 4 av 7 medlemmer)
6. Utval for areal og eigedom: Opposisjonen skal ha leiaren i utvalet (evt Venstre, sjå pkt 7). Samla sett skal Venstre ha 2 medlemmer i utvalet, Ap 1 og Høgre 1 medlem (til saman 4 av 7 medlemmer)
7. Utval for helse og omsorg: Venstre skal ha leiaren i utvalet (evt opposisjonen, sjå pkt 6). Ap skal ha nestleiar. Samla sett skal Venstre ha 3 medlemmer og Ap 1 medlem (til saman 4 av 7 medlemmer)
8. Eid Industrihus KF: Ap skal ha leiaren i styret, Venstre nestleiar. I tillegg skal Høgre ha eitt medlem i utvalet (til saman 3 av 5 medlemmer)
9. Kontrollutvalet: Opposisjonen skal ha leiar og nestleiar. Samansetnad elles kjem ein attende til etter drøftingar mellom alle parti.

Andre punkt i samarbeidsavtalen:

- Ordføraren skal ha 100% stilling, og varaordførar 50% stilling.
- Godtgjersle for ordførar blir sett lik med stortingsrepresentantane si løn og justert årleg i takt med denne. Andre politikargodtgjersler i Stad blir rekna i prosent av ordførar si godtgjersle.

Følgjande punkt skal ligge til grunn for det politiske samarbeidet mellom partia:

Det politiske arbeidet i Stad kommune skal byggje på Intensjonsavtalen mellom Eid og Selje frå januar 2018 og på vedtak/prioriteringar i Fellesnemnda i 2018-19.

Stad kommune skal ha eit seriøst og anstendig arbeidsliv, m a gjennom å skape ein heiltidskultur i kommunen, ha eit trepartssamarbeid som fungerer i alle ledd, ha mål om minst 2 lærlingar pr 1000 innbyggjarar i den kommunale verksemda og utarbeide ein handlingsplan mot sosial dumping.

Stad kommune skal i planarbeid og øvrig politikktutforming byggje på FN sine berekraftsmål og Vestland fylkeskommune sitt mål om null klimautslepp i Vestland innan 2030. Stad kommune skal ha årlege klimabudsjett og klimarekneskap seinast frå 2022.

- Styrke eldreomsorga - med felles mål for kvalitet, innhald og bemanning i den nye kommunen
- Prioritere arbeidet med psykisk helse, førebygging og hjelp, med særleg fokus på unge si psykiske helse
- Halde fram og styrke satsinga på kvalitet og fagutdanna personale i skule og barnehage.
- Skulestrukturen i Stad (kommunale barneskular og ungdomsskular) skal ligge fast i fireårsperioden
- Styrke kulturskulen og rammevilkåra for frivillige lag og organisasjonar
- Starte planlegging av fleirbrukshall i Selje i løpet av perioden
- Ruste opp uteområdet på Nordfjordeid skule
- Ikkje auke eigedomsskatten. Det betyr også å ikkje innføre eigedomsskatt på næring
- Ikkje opne opp for utvida søndagshandel i Stad så lenge vi ikkje er definert som turistkommune
- Realisere ein nasjonal pilot for «Statens Hus» på Nordfjordeid, der ein også inviterer Vestland fylkeskommune til samarbeid om lokalisering av regionale forvaltingsmiljø
- Arbeide for etablering av landstraum for cruisetrafikk på Nordfjordeid
- Ha eit nært samarbeid mellom Stad kommune og lokalt næringsliv, mellom anna knytt til felles utviklingsprosjekt, samarbeid om rekruttering og utdanning/kompetanse.

Samarbeidspartia ynskjer, bygd på punkta over, å invitere til eit breitt og inkluderande politisk samarbeid i nye Stad kommune.

Gunnar Silden
Stad Venstre

Berner Midthjell
Stad Arbeiderparti

Kristen Huneide
Stad Høgre

Selje/Nordfjordeid 19. september 2019